

Kartverket  
Karsten Lien

Deres ref.  
06/04993-57

Vår ref.  
15/188-5/LLH

Dato  
19.03.2021

## Valle kommune – namnesak 2020/476 – Hoftuft og Skarpækre – tilråding

### Innleiing

I samband med tildeling av adressetilleggsnamn har Kartverket, etter ønske frå Språkrådet, reist namnesak på to gards- og bruksnamn i Valle kommune for å få avklart skrivemåten. Kommunen har gjennomført høyringsrunde, og har sendt dei innkomne fråsegnene til Språkrådet.

### Høyringsfråsegner

- Tarald Hoftuft skriv at dei for etter- og gardsnamnet bruker *Hoftuft*, og at dette har vore nytta i fleire generasjonar.
- Rune André Andersen (eigar 35/2) ønsker skrivemåten *Søndre Hoftuft*, med *Håptu* i parentes. Han skriv at den lokale uttalen er Håptu / Søndre Håptu.
- Torbjørg Hoftuft (eigar 33/2) ønsker skrivemåten *Hoftuft*. Ho skriv at dialektuttalen er Håptu, men at det er irrelevant i skrivemåten.
- Kirsti Tiedje (eigar 34/1) ønsker å behalde skrivemåten *Hoftuft*. «Dette fordi det skal vere samsvar med dei som har dette som familienamn, og også fordi tydinga av stadnamnet kjem betre fram». Ho ønsker etterstilt utmerkingsledd, *Hoftuft nordre*.

### Saksopplysningar

I 1838-matrikkelen er gards- og bruksnamna skrivne *Hoftuft nordre* og *Hoftuft søndre*. *Norske Gaardnavne* har oppslagsforma *Hoftuft nordre og søndre* og uttalen /há:ptú[há:ptu]/. Eldre skrivemåtar er *Hafratuuft*, *Hafrapuuft* (1424), *Hafftofft* (1595), *Haftofft* (1601), *Haffthofft* (1610, 1611), *Haffuetufft* (1626), *Haftofft* (1668) og *Hoftoft nordre og søndre* (1723). Namnet er forklart slik: «Hafratúpt. 1ste Led er Gen. Flt. af hafr m., Buk. 2det Led er oldn. tupt f., Tomt, som dog vistnok her, overensstemmende med Ordets Oprindelse, har lydt túpt, ligesom Dialekten nu har den dertil svarende Udtale af Fællesnavnet; i Gaardnavnet er den dog tidlig forkortet, saa der ikke udtales det nu diftongiske ú, men u, som staar lukket o nær. De tilsyneladende saa store Lydforandringer bestaar jo væsentlig

deri, at da Mellestavelen, som saa ofte sker, var bortfalden, stødte f sammen med t og maatte derfor efter Dialektens Lydlove antage Udtalen p; og saa faldt det udlydende pt bort ved Dissimilation. Forandringen af a til aa i 1ste Stavelse er dog noget uregelmæssig; den maa skyldes de efterfølgende labiale Lyd f og u».

I matrikkelen frå 1906 er gards- og bruksnamna skrivne *Hoftuft nordre* og *Hoftuft søndre*, med merknaden «Udt. Haaptu».

I matrikkelutkastet frå 1950 er gnr 34 skrivne *Hoftuft - nordre*, medan bnr 1 og 2 er skrivne *Hoftuft nordre*. Gnr 35 er skrivne *Hoftuft -søndre*, medan bnr 1 og 2 er skrivne *Hoftuft søndre*. Det er ikkje registrert namn frå Valle i heradsregisteret eller i Språkrådets registreringsverktøy. Bustadnamnarkivet (1957) har registrert *Hoftuft nordre /hå:ptu/* som gnr 34.

Bnr 45/2 er ikkje registrert i *Norske Gaardnavne*. I matrikkelen frå 1838 er alle bruka på denne garden ført opp som *Rige*. I matriklane frå 1886 og 1906 og i matrikkelutkastet frå 1950 har gnr/bnr 45/2 namnet *Rike*. I bustadnamnarkivet (1957) er *Skarpekre* oppslagsform for gnr/bnr 45/2, med uttalen /skarp`æ:krø/ og merknaden «Dagleg namn på bnr.2. I matr. = Rike. Sandjord. Bust.». I bygdeboka er *Skarpækre* namnet på bnr 2.

### **Diskusjon og tilråding**

Gnr 34 og 35: For dette namnet kan det argumenterast for fleire moglege skrivemåtar etter prinsippet om å «ta vare på stadnamn som språklege kulturminne» i formålsparagrafen i lov om stadnamn. Skrivemåten *Håptu* er i samsvar med den nedervde lokale uttalen som framleis er i levande bruk (jf. høyringsfråsegnene). Samstundes skygger denne talemålsnære skrivemåten meir for meiningsinnhaldet i namnet enn alternativet *Hoftuft*. Det er heller ikkje sterke lokale ønske om skrivemåten *Håptu*, sjølv om éin eigar ønsker å la han stå i parentes. Skrivemåten *Hoftuft* viser tydelegare namnets opphav, og skrivemåten *-tuft* for etterleddet er i samsvar med rettskrivinga. Det er tradisjon for denne skrivemåten i matriklane, og dei andre eldre skrivemåtane har òg ei form med f i bae namneledd. Skrivemåten *Hoftuft* er dessutan ønskt frå dei som har uttalt seg i saka.

Skrivemåten *Hoptuft* blir ei slags hybridform av ein uttalenær og ein normert skrivemåte. Det er ikkje tradisjon for denne skrivemåten, og den er heller ikkje ønskt lokalt. Vi vil difor ikkje tilrå den.

Etter ei samla vurdering tilrår vi skrivemåten **Hoftuft** i samsvar med namnets opphav og lokale ønske (sjå tilråding for alle namna i skjemaet nedanfor).

Når det gjeld utmerkingsleddet *Nordre/Nørdre (Hoftuft)*, er bae formene (*nordre* og *nørdre*) i samsvar med offisiell rettskriving i nynorsk. Tradisjonell uttale er etter alt å dømmе *nøre/nøri*, tilsvarande forma *nørdre*, jf. dømet "i nöre Homm" i Setelarkivet (setel-id: 1384800), jf. også lydopptak på *Vallemål.no*.

Éin av grunneigarane oppgir *nordre* som ønskt form på utmerkingsleddet, då i etterstilt posisjon. Opplysningane frå matrikkelen, matrikkelutkastet og bustadnamnarkivet tyder på at den forma har vore mest nytta i administrativ samanheng, men det er elles lite grunnlag for å seie at ho kan reknast som innarbeidd.

I *Utfyllende reglar om skrivemåten av norske stadnamn* står det:

"*Hovudregelen* er altså at ein skal velje den rettskrivingsforma eller den regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen [...] Viktige prinsipp i denne samanhengen er *konsekvens* og *einskap*. Det vil seie at same ordet eller same målmerket som hovudregel blir skrive likt innanfor same dialektområdet/kommunen."

På bakgrunn av dette tilrår me forma **Nørdre**, sidan den høver best med nedervd uttale, og fordi ho har flest førekomstar i Valle i Sentralt stadnamnregister.

Gnr/bnr 45/2: Då saka om adrestitilleggsnamn var oppe, var det *Skarpækre* som var ønskt frå eigaren. Alternativ skrivemåte er her *Skarpekre*, fordi noverande rettskriving berre har denne forma av etterleddet, medan *ækre* var gjeldande form i eldre nynorsk. Etymologien til etterleddet er klar: av *åker*, med tydinga 'som har vore åker'. Bustadnamnarkivet har *Skarpekre* som oppslagsform, men oppgir uttalen /skarp`æ:krɛ/, noko som tyder på at det er kvalitativ skilnad til vokalen /e/, sjølv om denne kan vere liten i tradisjonelt vallemål, jf. også at namnet er skrive *Skarpækre* i bygdeboka. Når det gjeld skrivemåten av tilsvarande namn i Valle, er det lite å bygge på. Begge skrivemåtane er registrerte, men det gjeld få namn, og dei fleste av dei har status «Uvurdert», det vil seie at dei truleg stammar frå ei namneinnsamling av eit eller anna slag.

Sidan det er god grunn til å tru at forma *ækre* samsvarer best med nedervd uttale, vil vi primært tilrå skrivemåten **Skarpækre**. Eit tilleggsmoment for tilrådinga er følgjande: Det er truleg at appellativet *ekre* er mindre og lite kjend i dei yngre generasjonane, og at det kan kome til å forsvinne frå dagleg bruk. Skjer det, står ein i fare for at bokstaven <e> i skrivemåten *Skarpekre* vil bli oppfatta som bindevokal, noko som vil gi ein annan, misvisande uttale av namnet (Skarpe-kre i staden for Skarp-ekre). Denne moglege problematikken unngår ein med skrivemåten *Skarpækre*. Vi meiner likevel at forma *Skarpekre* òg er innanfor reglane sidan denne skrivemåten er i samsvar med gjeldande rettskriving.

Namn	Namnetype og evt. gnr/bnr	Tilråding
Hoftuft Hoftuft Håptu	Fellesnamn for gnr 34 og 35	<b>Hoftuft</b>
Hoftuft nordre Nordre Hoftuft Hoftuft Håptu	Gard (34)	<b>Nørdre Hoftuft:</b> Utmerkingsleddet bør stå framfor hovudnamnet i samsvar med vanleg norsk namnelaging, og det bør skrivast <b>Nørdre</b> sidan det høver best med nedervd uttale og har flest førekomstar i Valle i Sentralt stadnamnregister.
Hoftuft nordre Nordre Hoftuft Hoftuft Håptu	Bruk (34/1)	<b>Nørdre Hoftuft:</b> Utmerkingsleddet bør stå framfor hovudnamnet i samsvar med vanleg norsk namnelaging, og det bør skrivast <b>Nørdre</b> sidan det

		høver best med nedervd uttale og har flest førekomstar i Valle i Sentralt stadnamnregister.
Hoftuft nordre Nordre Hoftuft Hoptuft Håptu	Bruk (34/2)	<b>Nordre Hoftuft:</b> Utmerkingsleddet bør stå framfor hovudnamnet i samsvar med vanleg norsk namnelaging, og det bør skrivast <b>Nordre</b> sidan det høver best med nedervd uttale og har flest førekomstar i Valle i Sentralt stadnamnregister.
Hoftuft søndre Søndre Hoftuft Hoptuft Håptu	Gard (35)	<b>Søndre Hoftuft.</b> Utmerkingsleddet bør stå framfor hovudnamnet i samsvar med vanleg norsk namnelaging.
Hoftuft søndre Søndre Hoftuft Hoptuft Håptu	Bruk (35/1)	<b>Søndre Hoftuft</b>
Hoftuft søndre Søndre Hoftuft Hoptuft Håptu	Bruk (35/2)	<b>Søndre Hoftuft</b>
Hoftuftodden Hoftuftodden Håptuvodden	Nes	<b>Hoftuftodden</b>
Rike Skarpækre Skarpekre	Bruk (45/2)	Primært <b>Skarpækre</b> , sekundært <b>Skarpekre</b>

Vennlig hilsen

Rune Røsstad  
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

Line Lysaker Heinesen  
rådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og sendes uten underskrifter.*

**Mottakere:**  
Kartverket

**Kopi til:**  
Rune Røsstad